


Turmålaksjonen 2018

Turmålaksjonen arrangeras i år for tiande gong! Hausten 2017 fekk Lesja ny revidert utgåve av turguiden «**På tur i Lesja**» og dei fleste turmåla tar utgangspunkt i den. Det er grendeutvala som har valgt ut turmåla. Turmåla skal vere en **inspirasjon** til å komme seg ut og bli kjent med nye sted i bygda. Ved turmåla er det plassert ut «FYSAK-kasse» med turbok. Skriv gjerne namnet ditt i boka og bli med på trekking av premiar. Kassene skal vere på plass i terrenget seinast 6.juli, og dei blir tatt ned att like etter haustferien. På instagram bruk emneknaggen #turilesja . Vi ynskjer alle ein riktig god tur i Lesja!



Turmål	Grend	Beskrivelse
Bøvertråkket	Bjorli/Rånå	Tur nr. 2, s. 15
Brennhøe	Bjorli/Rånå	Start frå parkeringsplassen i Rånå. Gå sti mot Asbjørnsdalen, så vidare til Tverrbekkan/høgranden. Det står saltautomat 50 meter frå stien. Ta til venstre og gå mot toppen. Kassa står ved 1060 MOH kor taubane gjekk frå. Turen tar ca. 1,5 time. Merka på steinar der ein tar av stien.
Vetaberget	Lesjaskog	Køyr av E136 ved Lesjaskog. Køyr Øverbygdsvegen og parker etter denne ved Enstadgardane. Sjå etter skiltet «Aursjøhytta». Følg T-merking og skilt til Vetaberget. Ca. 1 km å gå (20 min.). (Følg starten til tur 15 i turheftet, egen merke med Vetaberget.)
Sy Kvamssetra	Lesjaskog	Køyr til parkeringsplassen ved Grønfossen og følg kjerrevegen til Grøndalssetrene. Ca. 4 km å gå (1,5-2 timer). Gå attende same veg. Eventuelt kan ein følgje merka sti ned til Grøna, over hengebru og merka sti vidare langs vestsida av elva nedover og attende til Grønfossen. Turen kan også gås omvendt veg. Hengebrua kan for mange virke litt skummel. All ferdsel på eige ansvar.
Storsteinsberget	Lesjaverk	Tur nr. 23, s.40
Kulturstien	Lesjaverk	Tur nr. 27, s. 44
Lesja jernverk		
Sveavarden	Nordmo	Tur nr. 33, s. 52
Nilsplass setre	Lyftingsmo	Kjør ned ved Lesja kyrkje og over Prestgardsbrue. Ta fyrste til høgre og følg vegen langs Lågen. Etter å ha passert to bruer ta fyrste til venstre og følg skilting mot Nilsplassetra. Nilsplassetra (ca. 820 MOH) er tufter etter ei gamal seter og ligger i skogen.
Andbergshøe	Bø	Tur nr. 52, s. 75
Aurtandefeltet	Kyrkjebygda	Tur nr. 44, s. 65
Bottberget	Kjøremsgrende	Tur nr. 53, s. 76
Svarttjønne	Kjøremsgrende	Tur nr. 56, s. 79